

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

SOM

00 1587 25

511.1
Lyse

Vår referanse
2006/505

Deres referanse

Vår saksbehandler
Heidi Quamme Kittilsen

Dato
21.03.2006

**REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR ÅRDALSVASSDRAGET –KLAGE
PÅ SEIN SAKSHANDSAMING I OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET**


./ Vedlagt er kopi av klage (ikkje dagsett) motteken her 14. mars 2006 frå Årdal elveeigarlag ved Olaf Vestersjø til ombodsmannen.

Klaga gjeld sein sakshandsaming og manglande svar i ei sak om revisjon av konsesjonsvilkåra for Årdalsvassdraget. Vasskraftkonsesjonen var etter det ombodsmannen forstår opprinnelig gjeve til selskapet Lyse Produksjon AS i 1948.

Ombodsmannen ber Olje- og energidepartementet om å gje sitt syn på Årdal elveeigarlag sine anførsler om sakshandsaminga eller gje ei sammenfatta oversikt over saksgangen i NVE og departementet. Dersom det ikkje no eller om kort tid er aktuelt å revidere dei aktuelle konsesjonsvilkåra, ber ombodsmannen om beskjed og om ei kort grunngiving kvifor Årdal elveeigarlag ikkje tidligare har mottatt skriftleg tilbakemelding om det.

Ombodsmannen ber om svar innan fire veker.

For ombodsmannen


Bjørn Dæhlin
kontorsjef


Heidi Quamme Kittilsen
fyrstekonsulent

Vedlegg
Gjenpart: Årdal elveeigarlag

Årdal elveeigarlag
v/ Olaf Vestersjø
4137 Årdal i Ryfylke

Sivilombudsmannen	
Ar/Saksnr. <i>06/505</i>	Dok.nr. <i>1</i>
14 MARS 2003	
Ark.kode <i>519</i>	
L.nr.	Saksbeh. <i>HK1</i>
Te.	

Sivilombudsmannen
Postboks 8028, Dep,
0030 OSLO

REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR FOR ÅRDALSVASSDRAGET,
HJELMELAND KOMMUNE.

- KLAGE PÅ UVILJE FRÅ OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET MOT Å
ETTERLEVA STORTINGETS ENDRING AV VASSDRAGSREGULERINGSLOVA I
1992.

KAN SIVILOMBODSMANNEN FÅ FORTGANG I SAKA?

Vassdragsreguleringslova av 1917 vart 19.06. 1992 endra slik at konsesjonar for kraftutbygging, gitt på ubestemt tid, kunne få endra vilkåra etter 50 års bruk.

Den 1998 var det 50 år sidan Lyse Produksjon AS fekk første konsesjonen i Årdalsvassdraget. 63 % av nedbørfeltet har vorte overført til kraftproduksjon i Lysebotn kraftverk, utan til dømes krav om minstevassføring som er eit vanleg krav i nyare konsesjonar.

Årdal elveeigarlag bad om revisjon av reguleringsvilkåra i brev av 25.09. 1995 til Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Hjelmeland kommune krevde også revisjon av vilkåra. Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeskommune har slutta seg til kravet om å pålegga krav om minstevassføring i den lakseførande delen av vassdraget.

NVE viste stor uvilje mot å etterleva lovendringa av 1992. Dette skreiv elveigarlaget brev om til Sivilombodsmannen den 25.02. 2001. Sivilombudsmannen svara i brev av 23. 03., 09.05., og 18.07. 2001.

NVE sende 26.03. 2003 si innstilling i revisjonssaka til Olje- og energidepartementet (OED) som er avgjerdsstyresmakt.

NVE si innstilling hadde mange faktafeil og udokumenterte påstandar. Merknader om innstillinga kom frå Fylkesmannen i Rogaland, Direktoratet for naturforvaltning, Årdal elveeigarlag, m. fl., i tida fram til juni 2003. Miljøverndepartementet uttalte seg til innstillinga 20.10. 2004. På spørsmål om kvifor Miljøverndepartementet brukte så lang tid var svaret: "OED har sagt at det ikkje hastar med uttale fordi OED vil ikkje gjera noko med saka på lenge ennå."

Den 24.03. 2004 bad OED om at NVE kommenterte merknadene som var komne til innstillinga frå Årdal elveeigarlag og Rogaland jeger- og fiskerforening i mai og juni 2003. NVE brukte 11 (elleve) månader på å svara på dette brevet. Svarbrevet er datert 24.02. 2005. Også i dette brevet frå NVE var det faktafeil og udokumenterte påstandar.

Fylkesmannen i Rogaland og Årdal elveeigarlag peika på dette i brev til OED den 06.06., og 16. 06. 2005.

Ein rapport frå forskningsprogrammet "Miljøbasert vannføring" laga av NVE i september 2005 (Rapport 6-2005), bekreftar at NVE si innstilling til OED har feil faktagrunnlag når det gjeld storleiken på alminneleg lågvassføring før reguleringa. NVEs forslag til nytt minstevassføringskrav byggjer på feil fakta og vil derfor ikkje få positiv miljøeffekt i vassdraget.

Årdal elveeigarlag har i telefonsamtalar i 2005 og 2006 med OED etterlyst revisjonssaka. Svaret frå saksbehandlar var at det er ingen framdrift i saka, og ein veit ikkje kva tid saka blir prioritert.

Etter at NVE har hatt saka i 7-8 år, har nå OED hatt saka i 3 år.

Årdal elveeigarlag meiner at både NVE og OED har sabotert Stortingets lovvedtak frå 1992. Årdalsvassdraget skulle hatt nye og meir miljørette reguleringsvilkår frå 19.11. 1998, jfr. Stortingets grunngjeving for lovendringa.

Saksbehandlinga i NVE har vore uakseptabel treg, og NVEs skriv i revisjonssaka er prega av mange faktafeil og låg fagleg standard.

Nå synest også OED å vera meir opptatt av å hindra framdrift i saka enn å etterleva lovvedtaket frå 1992.

Stortinget har ved fleire seinare høve stadfesta at revidering av eldre vassdragskonsesjonar skal vera ei høgt prioritert politisk sak.

Årdal elveeigarlag bed Sivilombodsmannen vurdere om framdrift og fagleg nivå i denne saka er akseptabel forvaltning av gjeldande lovverk for vassdragsreguleringar.

Før styret i Årdal Elveigarlag

Olaf Vestersjø